

Eksamen

03.06.2020

HEA2002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsearbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	I dette oppgavesettet blir det lagt vekt på kunnskapar, haldningar og ferdigheiter innanfor kommunikasjon og samhandling. Alle dei utvalde kompetansemåla i oppgåva skal inngå i svaret.
Andre opplysningar	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte kva det vil si å vere medmenneske, og korleis samspel mellom menneske kan bli fremma.• Drøfte korleis empati kan bli brukt for å løyse eller førebygge sosiale problem og fremme psykisk og somatisk helse.• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjere greie for korleis kommunikasjon kan fremme tryggleik og tillit.• Drøfte ulike strategiar for konflikthandtering, og prøve ut nokre strategiar i praksis.

Oppgåve

Fatima og Ellen jobbar i eit bufellesskap for eldre. Ellen har vore primærkontakt for Tom i fleire år og har eit godt samarbeid med familien hans. Mens Ellen var på to veker haustferie, har Fatima laga ny aktivitetsplan for Tom, og endra på alle faste aktivitetar i kvardagen.

Når Ellen kjem tilbake frå ferie, føler ho at Fatima har tatt over hennar plass som primærkontakt, og ho blir synleg irritert. Fatima meiner ho hadde full rett til å gjere dette fordi det var avdelingsleiar sitt forslag.

- a) Forklar og grunngi kva type konflikt du meiner Fatima og Ellen står i.
- b) Drøft ved hjelp av ulike strategiar for konflikthandtering: Korleis du ville løyst denne konflikten dersom du var kollega med Ellen og Fatima?
- c) Drøft kva for nokre konsekvensar denne konflikten kan få for miljøet på arbeidsplassen dersom han blir uløyst.
- d) Ein annan kollega av Ellen og Fatima ønsker ikkje å ta parti i konflikten. Korleis kan ho likevel vere eit medmenneske for kollegaane sine?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	I dette oppgavesettet blir kunnskaper, holdninger og ferdigheter innenfor kommunikasjon og samhandling vektlagt. Alle de utvalgte kompetansemålene i oppgaven skal inngå i besvarelsen.
Andre opplysninger	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes.• Drøfte hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse.• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit.• Drøfte ulike strategier for konflikthåndtering, og prøve ut noen strategier i praksis.

Oppgave

Fatima og Ellen jobber i et bofellesskap for eldre. Ellen har vært primærkontakt for Tom i flere år og har et godt samarbeid med familien hans. Mens Ellen var på to ukers høstferie, har Fatima laget ny aktivitetsplan for Tom, og endret på alle faste aktiviteter i hverdagen.

Når Ellen kommer tilbake fra ferie, føler hun at Fatima har tatt over hennes plass som primærkontakt, og hun blir synlig irritert. Fatima mener hun hadde full rett til å gjøre dette fordi det var avdelingsleders forslag.

- a) Forklar og begrunn hvilken type konflikt du mener Fatima og Ellen står i.
- b) Drøft ved hjelp av ulike strategier for konflikthåndtering: Hvordan du ville løst denne konflikten dersom du var kollega med Ellen og Fatima?
- c) Drøft hvilke konsekvenser denne konflikten kan få for miljøet på arbeidsplassen dersom den forblir uløst.
- d) En annen kollega av Ellen og Fatima ønsker ikke å ta parti i konflikten. Hvordan kan hun allikevel være et medmenneske for sine kollegaer?



www.vigoiks.no/eksamen